



Birte og Karoline skålar for teatersuksessen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veldig kjekt!

Det seier 15-åringane Birte Nybakk frå Uskedalen og Karoline Amalie Slåke frå Seimsfoss etter debuten som skodespelarar. Den fann stad i Dalheim i Omvikdalen torsdag og fredag og må karakteriserast som ein stor suksess.

To fulle hus overvar det halvtimelange stykket Snøkvit og dei hine og Kvinnheringen skriv at teatergjengen gjorde ein kjempeinnsats. Ein uskedeling til var med - Katrine Yri Røsland,



Dvergane tar hand om Snøkvit som blir spela av Karoline. Dvergen nærmast til høgre er Birte (Foto: Kvinnheringen)

Omvikdalen sin aldri sviktande 'teatermor' Marit Sofie Lea hadde gjort eit nytt og spennande grep denne gongen. Ho hadde dikta om 'Snehvit og de syv dverger' til 'Snøkvit og Dei Hine'. Talet på dvergar var redusert til 4 og dei var omskapt til arbeidarar på Vetthus i Blådalen. Ulven hadde vorte til eit villsvin. Men Snehvit var Snøkvit og den onde stemora var sjølv sagt også på plass. Tilsaman var dei 8. Birte hadde dobbeltrolle både som dverg og villsvin medan Karoline var Snøkvit. Ingen av dei har spesiell erfaring frå det som kallast 'skrå breidder' I Uskedalen kjenner vi Birte som ein svært lovande songar, men no er ho kanskje iferd med å leggja eit nytt kapitel til talentet sitt. Ho er i alle fall ivrig på å stille opp att som skodespelar.

Ho syng forresten to gonger i veka under Maria Malmstens inspirerande leiing. - i Kulturskulen og jentekoret Rimchimbih og Birte gjev Maria ikkje uventa karakteren 'superflink'..

Dei unge skodespelarane gjorde jobben i Dalheim heilt utan suffli. Kvinnheringen skriv at replikkane sat som ei kule og at det var mange gode skodespelarprestasjonar.

Ungdomsteatergruppa i det lokale ungdomslaget kan med andre ord notera seg for ein ny suksess og no ventar me berre på den tidlegare annonserte gjenopplivinga av teateret her i bygda.

Så lenge er det grunn til å misunna Omvikdalen,

Av Ola Matti Mathisen